



Boligbygg Vest AS
Fagerdalen 4
5039 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/113 - 19/2220

Saksbehandlar:
Hanne Marie Evensen
hanne.marie.evensen@meland.kommune.no

Dato:
05.02.2019

Godkjenning- GBNR 23/567- Løyve til frådelling av tilleggsareal til parkeringsplass - Elvaåsen

Administrativt vedtak. Saknr: 22/2019

Tiltakshavar: Boligbygg Vest AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-4, jf. § 20-1

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

Boligbygg Vest AS har søkt om løyve til deling av gbnr. 23/567, jf. 20-1 bokstav m) for oppretting av parkeringsplass.

Den omsøkte eigedomen er matrikkelført med eit areal på om lag 35,04 daa, og Boligbygg Vest AS står registrert som eigar. Eigedomen er omfatta av reguleringsplan for Elvaåsen, planid: 125620110003. Det er søkt om frådelling av parsellen som ligg innanfor området f_PP02. Parsellen er på 0,105 daa, og er regulert til parkering.

Det vert vist til søknad med vedlegg journalført motteke 21.01.2019.

Nabovarsling:

Søknaden gjeld frådelling internt i reguleringsområdet og administrasjonen vurderer at det ikkje er trong for nabovarsling, jf. pbl § 21-3 andre ledd.

VURDERING:

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Lov- og plangrunnlag:

Oppretting av ny grunneigedom er «tiltak» etter pbl § 1-6 og er søknadspliktig etter pbl § 20-1, jf. § 20-1 første ledd bokstav m). Vidare følger det av pbl § 26-1 at «[o]pprettelse av ny grunneiendom (...), eller endring av eksisterende eiendomsgrenser, må ikkje gjøerse på en slik måte at det oppstår forhold i strid mot denne lov, forskrift eller plan».

Det omsøkte området, f_PP02, er regulert til parkeringsplass i reguleringsplan for Elvaåsen, planid: 125620110003. Deling som omsøkt er difor i samsvar med regulert arealformål.

VEDTAK:

«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova § 20-4, jf. § 20-2 og 20-1 bokstav m), løyve til deling av gbnr. 23/567, område f_PP02 for oppretting av parkeringsplass, jf. vedlagte situasjonskart. Grunngevinga for vedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vera i strid med lov om eigedomsregistrering, jf. § 21-9».

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3,28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar, byggesaksansvarleg

Hanne Marie Evensen
Juridisk rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedlegg:

A10-25 Utomhusplan Endringsøknad

Søknad om frådeling av tilleggsareal til parkeringsplass - GBNR 23/567

Mottakarar:

Boligbygg Vest AS

Fagerdalen 4

5039

BERGEN